

# N

GATEMAGASINET MEGAFON • 10/2018 • **100,-** • HALVPARTEN GÅR TIL SELGER



**TOSPANN:** I eit intervju med Leif Einar Lothe er det ikkje alle sitat som kjem lenger enn til blokka. Det er ikkje alt øyrene får høyre som eignar seg på trykk.

HJEMVEIER ER EN ARTIKKELSERIE HVOR KJENTE OG UKJENTE MENNESKER FORTELLER OM VEIVALGENE OG STEDENE SOM HAR GJORT DEM TIL DEM DE ER.

# VESTLANDS- FANDEN

LEIF EINAR LOTHE

Ein gløtt mellom Lothepus-permar vitnar om ein samansett kar – fullstendig grenselaus, ei oppkome av meir og mindre gode idear, klin galen, snill som eit lam, og med gullhår både her og der.

TEKST OG FOTO: IRENE R. MJELDE

irenem@megafon.no

## – SMIL!

Eg følger lyden av stemmer over ein velfylt gardsplass, og rundt hushjørnet finn eg kjelda. Leif Einar Lothe og mor hans Anne Karin poserer framfor kameraet til ein journalistkollega frå lokalpressa. Bak dei strålar ein vid utsikt over alt det som er verdt, og ikkje verdt, å sjå i Odde, og i hendene balanserer dei stablar av strikkeplagg.

– Du må berre knipse du og, tilbyr Lothepus.

– Det er i anledning den nye strikkeboka mi, og moden er strikkaren, informerer han.

Slik blir starten på eit intervju som snart skal vise seg å kunne gå under «Vil du vere med så heng på»-prinsippet.

**LOTHEPUS** har ein gong uttalt: «Det kan ikkje kallast ein heim om det ikkje er plass til ein dumpar i tunet». Om

han sjølv skulle ha fått plass til ein dumpar utanfor det staselege kvite huset øvst i Aplagarden måtte det ha vore i høgda. Men grunnen er ikkje at det skortar på plassen. Det er berre så mykje anna som kranglar om kvadrantane. Som, ei brakke, tre-fire bilar i ulik storleik, eit par kanonar – kvar av dei med ei vekt godt oppunder fire tonn, ein viking i naturtru høgde, og to fuglar, mogelegvis ramn, eller ørn, utskorne i tre, med motorsag.

– Eg er over gjennomsnittet interessert i vikingar, ytrar den populære oddingen, medan han viser fram eit vedunder av ein hestehengar, med bubil i framenden og plass til tre hestar baki.

– Han var ny i fjor. Eg brukar den til salsvogn på mes-ser og festivalar.

– Å! Sel du hestar? ▶

► **BLODFAN:**

Luna er ein hund etter grave-maskiner, og sjeldan å finne særleg langt frå matfar Lothepus.

►► **ODDING:**

Lothepus er ein populær vestlending, og den eine telefonsamtalen avløyser den andre.



– Nei! «Merch» – t-skjorter, solbriller og kondom og slikt. Framom hestehengaren står ei lita campingvogn av nostalgisk dato. Dén blir eg oppfordra til å ikkje kika inn i.

– Eg hadde ho med meg heim frå Hardangervidda i går kveld. Eg bur i slike når eg er på arbeidsoppdrag, og har fem-seks slike til ståande rundt omkring, fortel entreprenøren og skytebasen, som flatar ut campingvognene sine med dampvegvals når dei er utgått på dato, inkludert skittentøy, rot og drit.

Det er mykje som er litt røft og røfleg med denne karen. I følgje seg sjølv har han fem-seks firma og ti-elleve personar med seg i Lothepus-bandet når han fartar rundt på musikkoppdrag i helgene. Denne mannen er nemleg og ein ettertrakta songfugl. Men at han har 11–12 ungar bit eg ikkje på.

**MITT HØGSTE ØNSKE** for dagen er bilde av mister Lothe i lag med ei gravemaskin, og den blide fjordcowboyen er ikkje vanskeleg å be. Basen for entreprenørfirmaet hans er berre ein kort køyretur unna og der bør det vere lett å finne eit presentabelt eksemplar.

– Eg fer snart heim så hugs å hente meg der. Me må reisa seinast klokka to for å rekke flyet til Oslo, roper mor hans etter oss då me set oss inn i den kvite varebilen med «Lothepus» i svart løkkeskrift langs sida.

Den fem år gammal border collie Luna, som sjeldan er å finne meir enn to meter frå beina til matfar, er rask med å smite seg med, så framsetet på passasjersida må me to dele. Eller, dele og dele, eg set klistra inn i bildøra, og hunden breier seg over den delen som er nærast «far» sin.

– Ho er trøytt i dag, forklarar hundeeigaren.

– Ho har sprunge etter gravemaskina gjennom lange arbeids-dagar i fjellet i ei heil veke no.

Så då er det berre rett og rimelig at ho må få strekke seg ut, skjønar eg.

– **DRIT I BILBELTET.** Eg trur ikkje det verkar, kunngjer bilføraren då han ser meg prøve å vri meg rundt på leit.

Så det er slik det er i Odda. Men det er sikkert like godt, for festet er å finne sånn cirka midt under hunden sin mageregion. Det varer likevel ikkje mange minuttane før me angrar valet, for halvvegs til gravemaskina står det ei UP-patrolje og vinkar oss inntil grøftkantane.

– Faen i helvete!

I fykande fart får bilbelta svinga seg or rullane. No er det ingen bønn, bikkja må lette på baken. Men så bryr ikkje den blide unge politidama, ifølge Lothepus – natige kvinnfolket, seg om mikk-makket med bilbelta i det heile. I staden stikk ho ein alkotest i munnen på bilføraren, som heldigvis bles grønt. Slikt rotar ikkje eingong Lothepus saman med bilkøyning.

– Merkar du noko til kulturforskjellar når du er i lag med Oslofiffen? ropar eg gjennom motorduren då turen heldt fram.

– Neidå, eg går veldig godt i lag med dei eg. Folk er folk i Christiana og, og ein merkar fort om eit menneske er vettig eller drittsekk uansett kor dei er ifrå. Men dei har jo ein litt annan veremåte, og eg ser jo at kleskoden der er noko annleis enn her. Leif Einar meiner at presset for å bli godtatt er større for ein austlending enn om ein er harding.

– Oslofolk blir meir og meir like kvarandre. Sjølv møter eg opp i ullgenseren min anten eg er der for moro skuld eller for forretningsmøter. Det er synd på dei som må gå i skjorte og dress kvar jævla dag for å føle seg god nok.

►

– Før i tida skulle gardskjerringane laga ungar og laga mat, og dei kunne ikkje berre stikke om mannen var ein idiot. No har dei gode sidestilte jobbar og klarar seg godt åleine. Det går framover, eller bakover, alt etter korleis ein ser det.

Leif Einar Lothe



► **BLÅST:** Grønt for Lothepus.

► ► **POTENSIALE:** Den gamle hallen som før romma Odda smelteverk sine elektriske trafostasjonar er no Lothepus sin.



**DÅ HAN VAR** med i Farmen kjendis valde TV 2 å tekste han. Berre han.

– Slik må det vel vera når dei der aust ikkje skjønar bæret av fjøslatinen min. Alle stader har ein spennet frå dei som snakkar «fint» og dei som snakkar normalt. Eg er for nynorsken, men eg ser at den blir meir og meir utvatna, og eg er heilt overtydd om at det om nokre år berre finns eitt språk. Eg skal halda på målet berre på trass.

– Hardingar har ein noko røff måte å snakka i lag på.

– Orda kan vera grove, men me seier dei på ein fin måte slik at ein skjønar at det ikkje er stygt meint. Om ein for eksempel seier: Kom her «di jævla horpa!» betyr det ikkje nødvendigvis ditt jævla naut.

Til tross for språkbruken er samholdet sterkt på bygdene, og Lothepus har svar på det også.

– Eg trur at ein veit at om ein hjelper så får ein hjelp igjen. I byane har du ikkje bruk for den hjelpa, der har du berre leilegheita di. Her er dugnadsånd stor. For eksempel kom heile nabolaget og hjelpte til då me laga jordbæråker, og om me har fest hender det faktisk at naboane lagar lapskaus til nattmat, og kjem å hjelper til å vaske dagen etterpå.

**OM DET** kan vera noko hektisk å gjennomføre eit intervju med denne mannen, så tar han det igjen ved å vera eit særskilt fotoobjekt. Fotoseansen ved gravemaskina går som ein leik. Velvillig smiler han det velkjente sjarmerande, skeive smilet, og ubeden løftar han på den velbrukte cowboyhatten, bles nokre røykskyer, og rettar på tollekniven i beltet.

– Eg har for lengst skjona at eg må gje journalistane det dei vil ha, elles så blir dei aldri nøgd.

– Blir du med til Harstad, er det ein entreprenørkollega som spør.

– Nei dessverre, eg er på veg til Oslo, svarar Lothe.

Så tikkar den første, eller var det den tredje, samtalen inn. Men Lothe poserer like godt med telefonen på øyret. «Ja, men kan dei få kjøpt strikkepakkar om dei vil strikka dei sjølv?» spør han. Svaret høyrer eg jo ikkje, men han verkar ikkje heilt nøgd med det.

– **NÅR SER DU** eigentleg kone og born?

– Uff, eg er altfor lite i lag med ungene mine og det er eg lei meg for, sukker trebarnsfaren, som og har tre i bonus.

– Dei skal liksom vera hos meg i helgane men då er eg altfor ofte på songoppdrag, utdjuvar Lothe.

– Kva tankar gjer du deg om barneoppdragning?

– Det er som med ungar som med hundar – ein må vere snill, bestemt, og aldri slå. Og dei må få sleppe til å prøve seg, så får ein heller tole om det blir litt på halv åtte.

Her snakkar Leif Einar seg fort varm.

– Kva når ungene vel heilt motsett veg enn den ein sjølv har vald?

– Det viktige er at dei har interesser. Kva det er i er ikkje så nøye, berre det heldt dei vekke frå desse forbannede asosiale datagreiene. Eg ønskjer at ungene mine skal lære seg å stå på egne bein, ta egne val, og oppleve meistring og få arbeidsstoltheit anten det gjeld synging, å sløye fisk, eller fyre opp eit bål.

På t-skjortene sine har Leif Einar fått trykt på «Godt nok!» over brystkassa, men denne påstanden har han etter kvart tatt opp til revurdering.

– Eigentleg er det jo ingenting som er godt nok, for ein kan heile tida forbetre seg. Det er det som gjeld, å stadig sette prikken over i-en og være stolt av det du driv med.



**ME ER PÅ HJUL** igjen. Nyleg kjøpte Lothe hallen som før husa elektriske trafostasjonar på den gamle smelteverkstomta i Odda. Å kjøpe eigedomar er nemleg óg noko han driv med. No vil han vise meg nyervervinga, og for andre gong, no hos dama på motsett side av vegen, bles bilføraren til grønt før turen går vidare gjennom Odda sentrum og ut att på andre sida.

– Bygget er digert som ei kyrkje og har eit fantastisk flott galleri som andre-etasje, fortel han entusiastisk.

– Eg har ikkje peiling på kva eg skal bruke det til, men det blir vel ei råd med det og. Horehus kanskje? drodlar «pusen» medan han losar journalisten inn i heilagdomen.

Merkelig nok har hunden tatt ein sjeldan avstikkar og er ikkje lenger å sjå i nærleiken av hælane våre. Det bekymrar matfar lite.

– Eg såg ei gravemaskin borti her då me kom. Det er nok der ho er, avgjer han.

– Pass på så du ikkje trakk ned i hola, åtvarar han og siktar til dei djupe rennene som går på kryss og tvers i betonggolvet.

Me stig over hendera og då me etter nokre skritt stoppar opp og sveiper rundt med blikket skjønar eg fort at kjøpet langt ifrå er av det verste slaget. «Kyrkja» til Lotepus er spekka med sjarmer og potensiale. Under galleriet er det mørkt, grunna treplatene som no erstattar dei knuste glasrutene, men dei store vindauga oppe under den sikkert ti meter høge tak-kvelvinga slepp lyset inn og skaper ein nesten litt sakral stemning. Det luktar metall med eit hint av olje.

– Eg skal få rydda opp her etter kvart, seier han og sparkar nokre glasskår til sides.

På veg ut igjen sakk Lotepus av og snik seg rundt teglsteinshjørnet for ein pissepause. Luna er på plass ved varebilen og sightseeinga går snart vidare med millimetersklaring til bilar parkert her og der mellom gamle dagars smier, smelteomnar, og fabrikkbygningar. Oddingar har kreative hovud og her er no både museum og kafe der det før var smelteverksindustri.

**INDUSTRIBYGDER** har dobbelt så høgt forbruk av rusmidlar som det ein har i storbyar. Odda kommune ligg heilt øvst på denne lista. På veg tilbake til basen for å ta imot ein lastebil peikar Lothepus på ein tomt nedom vegen.

– Ved fjorden her laga eg til eit brukande hus til nokre av dei rusmiddelavhengige, av ein ombygd brakkerigg. Det fungerte veldig fint, heilt til dei klarte å sette fyr på det.

Han ristar litt oppgitt på hovudet.

– Tidlegare kom svært mykje av stoffet til Odda via den tette båttrafikken, og etter krigen, då ein tente gode pengar, var det mykje alkoholisme i Odda.

– Korleis ser bygdefolk flest på rus?

– Ein drikk nok mykje no og, men ikkje på langt nær slik som før. Men det er klart, om det er fest så er det fest, då er det inn med siderdunkane. Me har jo tilgang på mykje eple. Hasj er ikkje noko for normale bygdefolk, og eg ville aldri ha tolerert det om du sette deg i stova mi og fyrte opp noko hasj. Då ville det vore på hovudet ut.

Det blir vedunderleg stille då me omsider er tilbake i tunet og Leif Einar stoppar bilen. Så ringer telefonen igjen, for sikkert åttande gong.

– Om ein times tid er eg der, lovar Lothe.

▼ **KNIPS:** Leif Einar er storforbrukar av strikkesgensarar og mor Anne Karin produserer for harde livet. No blir det strikkebok å få kjøpt.



► **HARDING:**

Lothepus poserer drevent for fotografen.

Her er det ikkje berre mange ballar i lufta, Lothepusen sjonger med heile teljeramma. Ein kan seie mykje om Odda si for tida største salsvare, men den multitaskande multikunstnaren er velvillig som få, og gjestfri så det heldt.

**NÅR DENNE** idemakaren går i gong med noko gjer han det skikkeleg, og om det ein gong innimellom skulle gå nedom og heim så skjer det og med flagget til topps.

– Når alle påstår at noko ikkje går blir eg nøydd til å motbevisa det, bekreftar han, og inviterer inn til eit triveleg langbord på kjøkkenet.

Arbeidstilhøva som journalist blir normalisert så eg nyttar høvet og fyrer laus.

– Kva kan ein gjere for å hindre fråflytting frå bygdene?

– Først og fremst må ein skaffe arbeidsplassar, som er interessante og godt betalt. Det er mange som reiser ut for å utdanne seg, men me må ha fokus på å få dei tilbake etterpå, om det så er legar eller lærarar eller kva som helst.

Noko av det kjekkaste Lothe sjølv veit er akkurat det – å skape nye arbeidsplassar. Sjølv har han blant alt det andre fått sett ølet Lotherus i produksjon, og saman med Spar Kjøp driv han med storproduksjon av tjukkelabber og arbeidsklede.

– Det å sjå at alt funkjar, at ein sjølv, og andre, får ting til, er heilt herleg. I prinsippet kan me produsere kva som helst i Odda, men

me må vera flinke til å eksportera. Samfunnet her er for lite til at ein kan produsere noko berre for oss sjølve.

**LEIF EINAR SET I GONG** kaffitraktaren og smør seg ei skive. På spørsmål angående barndommen viser han til biografien sin, og stikk like godt eit eksemplar av «Går det til helvete så går det til helvete» i handa mi.

– Der finn du rubb og rake. Og er det noko du ikkje finn så ringer du berre.

– Kan du etter kvart kallast for eit ikon her i Odda?

Leif Einar vrir på seg. Men sambuaren Randi, som nett passerer oss, svarar eit avgjort «ja». Så ringer mobilen igjen, og kort tid etter entrar ein forhandlar av anleggsmaskiner kjøkkenet etter å ha blitt losa til vegs ende.

– Har du mange spørsmål igjen på blokka di, spør Lothe, på ein fin måte.

Det har eg jo for så vidt, men eg vel å takke for følgje. Det er berre 60–70 minuttar til Leif Einar og mor hans set av garde austover for å promotere strikkebok i God morgen Norge, og før den tid skulle han helst vore blekksprut om han vil rekke over alle planer.

– Hugs å hente mor di, minner eg om på veg ut døra.

– Å faen!

M

